

# Informasjon til trenarar, oppmenn og lærarar som brukar Volda Campus Sparebank1 Arena

**Alle lag som trenar i hallen skal ha ein ansvarleg person over 18 år til stades under heile treninga i hallen.**

Vedkomande som er ansvarleg skal vere kjent med gjeldande instruks for bruk av hallen, spesielt viktig at ein kjenner instruks for brann og rømming.

**Det er ikkje tillate med snus i hallen, og røyking ved inngangane er forbode.**

## Generelt innhald i hallen

Hallen har fire etasjar. I desse etasjane er det følgjande:

Plan 1U: Parkeringskjellar, lager, tekniske rom.

Plan 1: Garderobar, styrkerom, spinningrom, Bane 1, Bane 2, klatrehallen (eigen inngang) og lager.

Plan 2: Vestibyle/hovudinngang, klubbområde, kafe/kiosk, vringleareal og kioskar.

Plan 3: Aktivitetsrom 1 og 2, garderobar, lærarrom for Volda vidaregåande skule, medietribune og VIP-tribune.

## Baner og aktivitetsrom

Speleflata i hallen kan delast i to baner. Kvar bane kan delast i to og tre delar ([sjå baneoversikt](#)).

Bane 1: Denne bana har oppmerking for handball, volleyball, basket og badminton. På denne bana er det tillate å bruke handballklister.

Tilgang til Bane 1 skjer direkte ut frå gang utanfor garderobar. Dei som har brukt handballklister skal vaske hender i klistervaskarar før dei går til garderobar gjennom klisterroma.

Bane 2: Denne bana har oppmerking for handball, volleyball, basket og innebandy. Bane 2 er klisterfri.

Tilgang til Bane 2 skjer ved å gå ut til Oppvarmingsgangane inn til bana. Ikkje over Bane 1.

Oppvarmingsgangar: Ligg bak skyvetribunene, og har tilgang til banene i kvar ende. I oppvarmingsgangane er det ikkje tillate med ballspel.

Aktivitetsrom 1 og 2 ligg i 3. etasje. Desse har ikkje oppmerking på golvet, og på grunn av sprinkleranlegg er det ikkje tillate å ha ballspel i desse roma.

## Tilgang til speleflate/bruk av garderobe

- Tilgang til speleflater skjer gjennom garderobane, til gang med innesko-sone. Tilgang til Bane 1 er direkte frå gang til bane. Tilgang til Bane 2 er til gang i innesko-sone, vidare gjennom oppvarmingsgangar og inn på bana.

Garderobane er låst og det er trenar/oppmann som syter for at desse vert opna for spelarane på eige lag

- Alle som skal inn på speleflatene må ha på innesko med eigna sole.
- I hjørna på speleflata er der opning, dette grunna rømningsveg. Spelarar som kjem for seint skal også slusast gjennom garderobene, ingen skal kome inn i hallen gjennom opningane i hjørna på bane 1.

- Treinar/oppmann bør vere tilgjengeleg i hallen seinast 10 minutt før trening. Ein møter laget sitt i resepsjonen og opnar garderober 5 minutt før treningstida startar slik at alle kan vere ferdig skifta når treningstida startar.
- **Koronatiltak:**
  - Same reglar gjeld her som i Voldahallen.
  - Born under 10 år får ha med forelder, born over 10 år får ikkje ha med forelder.
  - Hallen er låst og det er oppmann/trenar som er ansvarleg for å låse inn/ut laget sitt. Det vil seie at ein må ha kontroll på kven som kjem inn i hallen, samt at alle har kome seg ut før ein sjølv går.
  - Kwart lag er også ansvarleg for å kunne gjere greie for namn og telefonnummer på dei som har vore i hallen når laget trenar (inkludert foreldre som kjem inn for å vere saman med barna). Dette fordi ein skal kunne gi informasjon vidare til smittesporingsteamet om naudsynt.
- Trenarar skal ikkje vere åleine i garderober med ungane når spelarar skiftar og dusjar.
- Garderober skal vere låst når laget trenar.
- Dersom spelarane har med verdisaker bør dei oppfordrast til å bruke skapa som ein kan låse med eigen hengelås. Skapa er å finne i garderebegangen.
- Aktivitetssalane skal ikkje nyttast til trening med ball.

## Handballklister

Handballklister er berre tillate å bruke på Bane 1, av lag som skal har lov å bruke klister aldersmessig.

Det er ikkje tillate å kaste ball med klister på vegg/tribunar i hallen.

Klister skal fjernast frå hendene i/ved klisterroma før ein går tilbake til garderober. Handballar med klister pakkast ned ved bana.

## Lager

Det er fleire lager i hallen. Fordelinga er slik no, men vil bli endra når alt utstyr er på plass.

Plan 1 (speleflater):

**Lager 103:** Er felleslager. Her er no innebandy- og minimal.

**Lager 195:** Her er bord og stolar til sekreteriat, og innbyttarbenkar

**Lager 198:** Er felleslager: Her er mobile basketkorger, innebandyvant (volleyball eig), handballmål, dommarstolar for volleyball og stang/sveiv til basketkorger. I tillegg er KFUM Volda Volleyball si servemaskin lagra her. *Servemaskina er ikkje til bruk for andre.*

**Lager 186:** Volleyballstenger/-nett er lagra her no, men skal til Lager 195 når innreiinga der er klar.

**Lager 313:** Volleyballstenger

Plan 3 (Aktivetsrom 1 og 2):

**Lager 315:** Er felleslager, her kjem utstyr for skulane og felles utstyr

**Lager 318:** Er felleslager, her kjem utstyr for skulane og felles utstyr

Det er mykje fellesutstyr som ikkje er levert enda, så det vil bli ei endring i lager når dette kjem på plass.

*Etter bruk skal alt utstyr settast på plass i lageret du henta det i*

**Alle lager skal sjekkast for personar og låsast når du er ferdig i bruke dei.**

## Bruk av fellesutstyr

Utstyr er dyrt. Det er viktig at det blir bygd ein kultur der både trenarar, oppmenn og spelarar tek ansvar for utstyret som er felles i hallen.

- Fellesutstyr som vert teke i bruk, skal på plass i lageret det kjem frå straks etter bruk.
- Handballmål skal tilbake på plass i gangen etter bruk om kvelden, slik at reinhaldspersonell får vaska bana skikkeleg.
- Volleyballnetta er merka med banenummer og skal brukast på bana dei er merka for.
- Volleyballetta skal ikkje modifierast med knutar, spesielle variantar når det kjem til bruk av antenner osv.
- **Sjekk heile speleflata for ballar** når de avsluttar treninga. Sjekk også opningane i hjørna til garderobegangen og bak tribunene.
- **Sjekk om alle lok er lagt på plass på banene etter trening.**
- Utstyr som vestar, kjepler, rokkingar +++ skal sjølvstakt også tilbake på merka plass.
- **NB!** Det er berre "sugekoppar" som skal nyttast til å opne hola for volleyballstenger og basketanker på speleflata. Kniv eller andre gjenstandar er strengt forbode!

**Om utstyr er øydelagt, gi beskjed til dagleg leiar om dette snarast.**

## Lys og varme

Alle lys slår seg på/av automatisk, bortsett frå på speleflata. Her slår ein av og på lyset på betjeningspanel på langside på Bane 1 eller Bane , eller på brytar i Resepsjon 216 (sjå eiga bruksanvising). Siste lag som trenar for dagen slår av lyset.

Varme i garderobar, salar og aktivitetsroma blir styrt frå sentral, og kan ikkje justerast av brukarane. I dei roma som har radiator, kan temperatur justerast individuelt.

## Styrke- og spinningrom

Desse roma er reserverte til Volda vidaregåande skule på dagtid fram til kl. 15.30.

Grunna Covid-19-situasjonen, er det restriksjonar på bruken av roma etter råd frå smittevernoverlege i Volda kommune.

Når samfunnet er tilbake i «normal situasjon», vil det bli mogleg å teikne medlemskap for bruk av roma på ettermiddag.

## Sosialt rom og møterom

Desse roma kan leigast av lag og organisasjonar. Ta kontakt med dagleg leiar for avtale.

## Tips

Ha god dialog med hallvertane (ikkje til stades enda). Dei er viktige for hallen og saman kan vi gjere hallen til ein positiv arena for alle som skal bruke den.

**Minn spelarane dine om at hallen er noko vi eig i fellesskap. Søppel skal i bossbøttene og ballar skal berre brukast på speleflater.**

Det blir mogleg å spele musikk i hallen via blåtann, men alt er ikkje ferdig installert enda. Når du brukar eige utstyr så ta omsyn til dei andre som er i hallen. Juster volumet så alle har det kjekt.